



ÅRSMELDING 2023

1. Årsmøte

Årsmøtet vart halde 9.mars i Voss kulturhus.

2. Styret i Voss kulturråd var i meldingsåret samansett slik :

Styreleiar: Valborg Kløve-Graue

Styremedlemer : Olav Seim (nestleiar)
Rannveig Djønnne (skrivar)
Peder Ringdal (kasserar)
Laila Rynning Veum (styremedlem)

Varmedlemer : Anne Arneberg
Øystein Dahl

Valnemnd : Bridget Penny
+ ein person vald av styret

Revisor : Margunn Blikberg Nordgård

Voss kulturråd har per i dag 48 medlemslag og -organisasjonar

3. Styret sitt arbeid

Styret har arbeidd med utgangspunkt i handlingsplanen for 2023, mykje er gjort og anna er kome til. Styret har hatt møte med kultursjef om vår rolle og våre ynskje som aktør i

lokalsamfunnet. Styret har kompetanse og erfaring som er nyttig og nødvendig som støtte for kulturavdelinga i heradet. Sjø vedlegget om saker me har lagt fram for kulturavdelinga.

Ridande Vossbrudllaup 10.juni

Arrangementet vart ein stor suksess på alle vis. Skriftnemnda gjorde ein god jobb med hefte som vart skrivi spesielt for markeringa og tek føre seg m.a. bryllaupstradisjonar, Ola Mosafinn og Nils Bergslien. Steinar Rygg i festnemnda gjorde ein god jobb med sjøve markeringa og det vart mykje pressedekning kring sjøve bryllaupet, men lite ellers. Voss Kulturråd er nøgde med å vera pådrivaren for den endelege plaseseringa av monumentet.

Presentasjon av kulturprismottakarar i Voss kulturhus

Prismottakarane skal presenterast med namn, bilete og omtale på storskjerm i Kulturbanken i Granvin og i vestibylen i Voss kulturhus. Trude Storheim og Thor M. Traa høyrer med Hardanger og Voss museum om korleis dei har løyst liknande presentasjon der. Presentasjonsforma er lett å oppdatera, og kan nytast av forbipasserande i lengre eller kortare strekk. Presentasjonen skal også liggja under eigen rubrikk på heimesida til Voss herad. Thor M.Traa har ansvaret for dette.

Kulturprisen 2023

Kulturrådet si innstilling vart ikkje teken til fylgje i 2023.

Det har vore usikkerheit rundt utforming av sjøve prisen. Thor M. Trå er kome til einingheit med Gunnar Kjerland om utforming. Han ynskjer at alle fire sider på prisen skal vera synlege og ikkje hengast på vegg. Kvar pris er handskoren med eige uttrykk. Tekst vert lagt ved prisen.

Vossajazz var prismottakar i 2023 i høve 50-årsjubileet. Styret var invitert til jubileumskonsert med prisutdeling i Vangskyrkja og samkome på Mølster etterpå.

Kulturmidlar

Styret brukar lang tid på å setja seg inn i søknadane og koma med prioriteringar på grunnlag av dette.

Kulturstipend

Styret innstilte jazzmusikar Signe Førre til stipendet på grunnlag av relevant søknad.

Ny kulturplan

Styret har hatt eige møte om høyringsutkastet til ny Temaplan for kultur, og har sendt våre innspel til kulturavdelinga i første omgang.

Registerering og handsaming av den offentlege kunsten på Voss

Dette er eit viktig arbeid for styret.

Arbeidet er delvis godt i gang; Laila og Thor M. Traa har hatt kontakt med Bevaringstjenesten. Korleis skal skilta utformast/tittel og namn på utøvar. (sjå innspela våre i vedlegg 2)

Minnesmerke, skulpturar, statuar og andre kunstuttrykk i offentlege rom

Møblering og utsmykking i offentlege rom er med på å gje bygda vår kulturell identitet.

Kulturrådet oppmodar om at det snarast vert sett i gang tiltak der fysiske kunst- og kulturuttrykk får den statusen dei fortener, og som syner at Voss herad legg vinn på å formidla stadeigen historie og kulturarv på ein estetisk måte.

Innspelsmøte om retningslinjer for arrangement

Styret var representert på innspelsmøte til retningslinjer for arrangement i Voss herad. Me understrekar at minnesmerke og monument skal ha ein omsynssone ved store arrangement t.d. på Prestegardslandet, Bergsliparken og Tinghusplassen.

Tettare samarbeid med andre amatørkulturråd i fylket

Fleire frå styret møtte eit utval frå amatørkulturråda til samtalemøte og felles kulturelt påfyll under både NOKU-konferansen og kulturkonferansen under Vossajazz.

Samarbeid med amatørkulturråda i Vestland om eit fylkesamatorkulturrådsstyre.

Dette er etablert: <https://www.vestlandkulturrad.no/>

Samarbeid med idrottsrådet

Styret var representert på møte med kultursjef og leiar i idrottsrådet om synergieffekt ved samarbeid i framtida. Planen er å møtast fast kvar vår og haust.

Dialogmøte for ungdom

Styret var representert på dialogmøte for ungdom i Gamlekinoen i oktober

Kulturkalenderen

Kulturkalenderen slik den framstår i dag er utdatert og må fornyast. Me håpar Terje Nestås kan halda den i live til sommaren, i påvente av ei planlagd felleskalender for heradet. (Samanslåing av Friskus, Kulturkalenderen og Voss Now)

- **Handlingsplan 2024**

Verta synlegare som aktør og høyringspart på kulturfronten

- Registerering av den offentlege kunsten på Voss
- Minnesmerke, skulpturar, statuar og andre kunstuttrykk i offentlege rom
- Ny Temaplan for kultur
- Voss kulturskule i høve satsar, syskenmoderasjon m.m.
- Betra saksflyten mellom politikarar/administrasjon og Voss kulturråd
- Kulturkalenderen og campiloappen
- Utdeling av kulturprisen under Fossegrimen sin tradisjonelle jolekonsert i Nain.
- Invitera avisa Hordaland på møte
- Samarbeid med Kulturråd Vestland

For styret: Valborg Kløve-Graue, styreleiar

Vedlegg til orientering



Voss Kulturråd

Voss 10.oktober 2023

Innspel til kulturavdelinga i Voss herad ved kultursjef Trude Storheim og rådgjevar kultur og fritid Thor Morten Traa

I styremøtet i Voss kulturråd onsdag 4. oktober, kom det opp ein del saker me gjerne vil lufta for kulturavdelinga. Dette er innspel me meiner det hastar å ta tak i.

1. Minnesmerke, skulpturar, statuar og andre kunstuttrykk i offentlege rom

Møblering og utsmykking i offentlege rom er med på å gje bygda vår kulturell identitet. Kulturrådet oppmodar om at det snarast vert sett i gang tiltak der fysiske kunst- og kulturuttrykk får den statusen dei fortener, og som syner at Voss herad legg vinn på å formidla stadeigen historie og kulturarv på ein estetisk måte.

Nokre døme:

- *Formannskapssteinen* i Klokkarhagen i Granvin er unik og vitnar om lokaldemokratisk stoltheit. Den må markerast og restaurerast og verta ei pryd for bygda. (Sjå vedlegg med tekst og bilete)
- *Minnesmerket over Lars Tvinde* ved Voss Ungdomshus er nesten usynleggjort mellom parkerte bilar og sykkelstativ. Her må det lagast ein omsynssone, (det er offentlege retningslinjer for utforming av desse) og t.d. beplantast på samme vakre vis som rundt Ridande Vossabrudlaupmonumentet. (sjå bilete)
- *Knute Rockne steinen med relieff* vart plassert feil då den vart flytta frå Stasjonsbrekka og er no heilt anonym. Den må flyttast nærmare mot huset der han budde, markerast og få ein omsynssone. <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/Jr4QJ/generoese-jerry-heidrar-rockne> (sjå bilete)
- *Heiagjengen* må frigjerast frå «fengselet» den er plassert i, og eventuelt plasserast ein stad den høyrer heime, t.d. ved det nye fotballhuset. (sjå bilete)

2. Databasen over offentleg kunst

er ikkje oppdatert sidan 2017, den *skal* regelmessig oppdaterast.

a) Styret i kulturrådet ber om at det vert utarbeidd rutiner for registrering av gåver og nyinnkjøpt kunst

b) Biletkunst og andre kunstuttrykk på Tinghuset må kuraterast og utstilt med fagleg ekspertise, ikkje tilfeldig og gjerne uheldig plassert som i dag.

c) Servicetorget må få opplæring i å nytta databasen, og kunna svara på spørsmål om/visa til informasjon om offentleg kunst i Tinghuset og elles

d) Dei tilsette i Tinghuset må få guida kunstvandringar når kunsten er kuratert og stilt ut på ein skikkeleg måte

3. Arbeidet med ny kulturplan

Kulturrådet ynskjer tilsendt utkast til kulturplan før innspelsmøtet

4. Voss kulturråd skal vera representert i aktørgruppa

som utarbeider retningslinjer for bruk av offentleg område til større tilskipingar, der det m.a. er naudsynt å vera påpasseleg med omsynssone rundt kulturminne og fysiske kunstuttrykk.

5. Campilo-app til erstatning for m.a . Kulturkalenderen

Dersom det skal utviklast ny app som erstatning for noverande Kulturkalender; Voss Now og Friksus, vil Kulturrådet ha innspelsrett på utforming og innhald

Venleg helsing
Voss Kulturråd
v/styret



4. Referat frå møte i Granvin formannskap 22. mars 1937

Sak 2. 100-årsminne for formannskapslovi og den første ordførar Jørgen Nordby.

Ulvik og Eidfjord heradsstyre har sagt seg samde i å vera med å reisa ein minnestein for folkestyre ved formannskapslovi og for første ordførar i dåverade Ulvik herad. Eidfjord herad hadde til dette føremål gjeve ein stein som ligg ferdighoggen i Eidfjord. Etter samråding med skulestyrar M. Dagestad har formannskapet funne at denne steinen, for skuld dimensjonane, ikkje kan setjast på kyrkjegarden. Og etter samråd med Ulvik og Eidfjord formannskap sagt seg samd i at steinen vert sett i Klokkarhagen, framføre huset der kaptein Nordby budde. Om innskrifti på steinen har ordføraren konferert med Lars Eskeland, Voss:



14.januar 1837. Steinen er sett
for tidarvende 100 årssoga signar attende. Folket fekk styret
for heimen sin dyre. Kaptein Jørgen Norbye 1790 – 1843.
Fyrste ordførar i heradet 1837 – 1843. Eidfjord, Ulvik og Granvin sette steinen 1937.

Steinen vart avduka sumaren 1937 i samband med 100-årsfest for dei 3 heradi til minne om
formannskapslovi.